

Til  
Det kongelege Fiskeri- og Kyst Departementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo  
Epost: postmottak@fkd.dep.no

Kinsarvik 15.04.2011

## **Hardangerfjordforskrifta – Høyring frå Hardangerrådet**

Rådsmøtet, som er ordførarane i Hardangerrådet, takkar for utsett høyringsfrist og vedtok slik uttale den 14.04.2011:

### **Innleiing:**

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardangerrådet iks viser til at 3 av dei 7 kommunane har gjevne eigne uttalar. Hardangerrådet iks har drøfta Hardangerfjordforskrifta på bakgrunn av dei uttalane som er kome inn frå akvakulturinteresser og villfiskinteresser og gjev med dette slik uttale:

### **1. Føremålet med forskrifta:**

Hardangerrådet iks støttar føremålet med forskrifta om å sikra ei bærekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden. Hardangerrådet vil peika på at dette arbeidet må medverka til at dei ville lakse- og sjøaurestammene i Hardangerfjorden også kan reetablerast og verta livskraftige i framtida og føreset at næringa må bidra til dette. Hardangerrådet meiner at naudsynte tiltak må setjast i verk for å sikra dei ville lakse- og sjøaurestammene i Hardanger.

### **2. Konsekvensutgreiing er nødvendig.:**

Dei tiltaka som vert føreslegne i Forskrifta er drastiske for havbruksnæringa i Hardangerfjorden. Reguleringar i form av forbod og biomassetak og styrka tilsyn og kontroll kan sikkert vera gode tiltak, men det er ikkje sikkert at dette er dei beste grepa totalt sett. Dei er ikkje utgreidde med tanke på konsekvensane og effektane. Hardangerrådet iks ber Fiskeri og Kyst Departementet gjennomføra ei Konsekvensutgreiing før ei Hardangerfjordforskrift vert sett i verk.

### **3. Biomassetak og selskapsstruktur:**

I høyringa står det at taket på 50.000 tonn MTB i produksjonskapasiteten er bestemt før og ikkje ein del av denne forskrifta. Når Langenuen-området no er teke inn i denne produksjonen så er føresetnadane endra.. Det betyr redusert MTB i Hardangerfjorden og konsekvensane av dette vil ramma svært ulikt. Hardangerrådet føreset at dette vert ei reell grense for ståande biomasse regionalt styrt, og ikkje konsesjonsgrense for biomassen i Hardangerfjorden. Ved å frysa status i selskapsstrukturen pr 15.februar 2011 og avgrensa skjermaløyve til 3 pr verksemd, så skaper forskrifta vilkårlege ulikskapar mellom selskapa. Målsetjinga må vera å verna dei små. Hardangerrådet ber om at konsern med mindre enn 10 konsesjonar og lokal bearbeiding av produkta vert skjema. Eit anna viktig tiltak i Hardanger er at Akvakulturanlegg til visningsføremål og lukka anlegg må var fritekne frå produksjonsreduksjon.

#### **4. Miljømål og tidsavgrensa forskrift:**

Hardangerfjorden er ikkje ein nasjonal laksefjord, men har likevel ingen fiskeoppdrett innanfor grensa Utne – Lussand. Slik har Hardanger sjølvpålagt verna det indre fjordbassenget av Hardangerfjorden. I samband med innføring av ei sterkt inngripande forskrift må det opprettast konkrete mål som kan etterprøvast og dokumentera om forskrifta har nokon effekt. Måla vil naturleg vera tal luseskadar på oppdrettsfisk / villfisk og reelle tal for rømming i Hardangerfjorden. Når måltala er nådd har me ei bærekraftig akvakulturnæring i Hardangerfjorden og forskrifta må opphøyra.

Anved Johan Tveit/s  
Rådsordførar

Leiv Vambheim  
dagleg leiar